

**100 år med stemmerett for kvinner,
kva har skjedd i desse åra?**

Stemmerett for kvinner var eit viktig steg mot likestilling mellom kvinner og menn. Likevel var det først ved valet i 1987 at valdeltakinga blant kvinner og menn var like stor. I Hordaland vart det halde fylkesting frå 1838, men første gong det møtte ei kvinne som representant var i 1970. Kvinneleg fylkesordførar fekk vi først i 2003. Historia viser at ting tar tid.

Kvinner har måtta kjempe for likestilling på dei ulike områda i samfunnslivet. Vi kan ta for oss område for område, utdanning, arbeid, familieliv, idrett, og vi finn det same som innafor politikken. Det har gått framover, men det har gått seint, og det er framleis utfordringar.

Dette ønskjer Omvikdalen Bygdekvinnelag og helselaga på Løfallstrand, Rosendal og Seimsfoss å invitera til diskusjon om måndag 29.april i Uskedalen gamle skule. Vi ønskjer kvinner og menn velkomne til å delta i diskusjonen.

For arrangementskomiteen
Grethe Brundtland